



Arkivsaknr: 2026/27-6
Sakshandsamar: Truls Morten Kaland
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Behov for auke i låneramme for Startlån 2026

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektør får fullmakt til auka låneopptak i Husbanken av kr 3.500.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2026, jf Kommuneloven § 14-17. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet tilsvarende.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Startlån er eit tilbod om bustadfinansiering til husstandar som ikkje får lån eller nok lån i ordinære kredittinstitusjonar, korkje no eller i løpet av dei næraste åra.

Kommunane låner inn startlånsmidler frå Husbanken for vidare utlån til personar som oppfyller vilkåra. Kommunane kan òg låne ut midlar dei får gjennom ekstraordinære avdrag eller ekstraordinære innfriingar av startlån, til å gje nye startlån.

Finansieringa skal medverke til gode og ulike løysingar for personar som er varig vanskelegstilte på bustadmarknaden, slik at dei kan bu trygt og godt.


Saksopplysningar

Startlån er eit lån som kommunane kan gje til personar og familiar som av forskjellige årsaker ikkje får lån i vanleg bank. Dette kan vere lån til barnefamiliar, eldre, personar med nedsett funksjonsevne eller andre som bur i ein ueigna bustad og enten vil kjøpe bustad

eller utbetre/tilpasse bustaden sin. Vaksdal kommune er nær ved å bruke opp tilgjengelege midlar til startlån og det er søknader som ikkje er behandla. Det er ynskjeleg å auka ramma slik at fleire kan få hjelp til å etablere seg i eigen bustad, i kommunen.

Status

Hittil i år er det kome 21 søknader om startlån, og det er ei auke i talet på søknader. Prognosen tilseier at det vil verte over 30 søknader i 2026.



I 2026 er det tidlegare tatt opp nye lån på kr 6.000.000,-. Mykje av tilgjengelege midler er utbetalt eller det er gjeve finansieringsbevis. Pr 28.08.2026 er tilgjengelege midler for vidare tilsegn om lag 2,2 mill. Med ei auke på 3.500.000,- er det vurdert at den samla låneramma er tilstrekkeleg i 2026 for å ha eit handlingsrom på dette området.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at det vert det vert gjort låneopptak i Husbanken for auka tilgjengeleg låneramme for Startlån. Denne auka låneramma vil vere eit viktig bustadpolitisk og sosialpolitisk verkemiddel.